



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon  
Kari Beate Mostad, 5557 2153

Vår dato  
21.12.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/16355 520  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

### Anbefaling ved ulovleg spreiing av gjødsel m.m.

Vassdirektivet, med utgangspunkt i avtalar i EU, har vore gjeldande i Norge sidan 2008. Hovudmålet er å sikre god tilstand i overflatevatn og grunnvatn innan 2021. [Vassforskrifta](#) er det norske lovverket som styrer gjennomføringa av vassdirektivet her til lands. Innan utgangen av 2018 skal alle tiltak i tiltaksprogrammet vere starta opp, og tiltak for betring av vasskvalitet skal satt i gang. Landbruksureining og ureining frå husdyrgjødsel er ein del av utfordringane for å oppnå god vasskvalitet, og tiltak for å redusere negativ påverking frå landbruket vil vere ein del av dette.

I samband med det pågående arbeidet med vassforskrifta og fokuset dette vil få framover, vil Fylkesmannen minne om at brot på regelverk som skal hindre ureining frå landbruket må følgast opp.

Viktig regelverk dette gjeld:

- Gjødselvareforskrifta – tidspunkt for spreiing  
Der føretak som sprer gjødsel *utan løyve* etter 1. september eller etter 1. oktober, på frosen mark eller før 15. februar, skal det alltid vurderast trekk i tilskot. Kor streng reaksjonen skal vere bør avhenge av skadeomfang, potensielle konsekvensar gjødselspreiinga har, om dette har skjedd tidlegare år m.m.
- vassressurslova: til dømes er fjerning av vegetasjon frå kantsone ulovleg.

### Aktuell avkorting:

RMP:

I samsvar med § 26 i RMP-forskrifta av 1.7.2016, kan kommunen trekke deler eller heile tilskotet tilbake ved brot på anna regelverk for jordbruksverksemd. Dersom føretaket har motteke tilskot til miljøvennlig spreiing av gjødsel, vil det vere naturleg å vurdere tilbaketrekkning av heile tilskotet.

*Dersom føretaket driv eller har drive si verksemd i strid med regelverk for jordbruksverksemd, kan heile eller delar av tilskotet haldast tilbake inntil tilhøva er retta opp. Er det ved brot på regelverket utvist grov aktlause eller forsett, kan heile eller delar av tilskotet som blir tildelt føretaket avkortast. Tilskotet kan også avkortast dersom føretaket ikke held dei fristar som kommunen, Fylkesmannen eller Landbruksdirektoratet har satt for å kunne utføre sine kontrollloppgåver i samsvar av § 25.*

Produksjonstilskot:

Dersom føretak søker og mottek produksjonstilskot i jordbruket, gjeld § 11, avkorting ved regelverksbrot, i forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket av 19. desember 2014.

*Dersom foretaket uaktsomt eller forsettlig driver eller har drevet sin virksomhet i strid med annet regelverk for jordbruksvirksomhet, kan hele eller deler av det samlede tilskuddet som tilfaller foretaket avkortes.*

*Ved brudd på forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging skal tilskuddet avkortes.*

*Tilskuddet skal avkortes dersom foretaket ikke fører journal over plantevernmidler som brukes, med opplysninger om navn på plantevernmiddelet, tidspunkt for behandling og dosen som er brukt, samt området og veksten som plantevernmiddelet ble brukt på. Det samme gjelder dersom foretaket ikke kan fremlegge slike journaler for de siste tre årene.*

Paragrafen regulerer avkorting ved brot på anna regelverk for jordbruksverksemd. Regelen har som føremål å påverke foretaket til å leggje om til lovleg drift, samt hindre at ulovleg verksemder vert støtta, sjølv om regelverksbrotet ikkje skjer på tilskotsmyndet sitt ansvarsområde. Regelen er viktig for å sikre at samfunnet sine fellesmidlar vert forvalta på ein forsvarleg måte.

Prinsippet om at føretaka ikkje skal straffast dobbelt er viktig å ta med i vurderingane.

### **Skriftlege vurderinger**

Fylkesmannen oppmodar kommunane om å vurdere reaksjonar når dei oppdagar brot på regelverk. Det kan vere aktuelt med tydeleg reaksjon ved brot. For å dokumentere og gjøre vurderingane tilgjengelege er det å anbefala at dette vert gjort skriftleg. I samband med enkeltvedtak er det krav om skriftleg vurdering.

Det vil i løpet av etterjulsvinteren komme eit notat frå Fylkesmannen med utdypande info om handtering av landbruksureining.

Med helsing

Dirk Kohlmann  
ass landbruksdirektør

Kari Beate Mostad  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*